

## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Sektor helse og omsorg	Terje Sætre
	Arkivnr.: 16/1004	Klassering:

### Søknad om fornying av skjenkeløyve - Nye Garveriet as

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 blir Nye Garveriet as, org.nr. 914 833 418, gitt skjenkeløyve med følgjande spesifikasjon:

- Skjenkestad: Nye Garveriet , Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø
- Tidsrom for skjenkeløyve: 01.07.2016 – 30.09.2020
- Styrar: Maren B. S. Jensen, f. 22.09.81
- Avløyser: Hege Ramsland, f. 25.03.61.
- Alkoholvare: all alkoholhaldig drikk
- Omfang: alminneleg og slutta selskap.
- Type verksemd: spisestad
- Serverings- og skjenkeareal – 2.etasje: serverings-/restaurantlokale på 160 kvm. og terrasser på totalt 123 kvm. (fordelt på tre terrasser på henholdsvis 55 kvm., 41 kvm. og 27 kvm.). 3. etasje: serverings-/restaurantlokale på 108 kvm.
- Skjenketid i samsvar med kommunens forskrift om skjenke- og opningstider, jfr. del II i kommunens alkoholpolitiske plan.
- Verksemda må vere godkjent av Mattilsynet
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.
- Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området
- Tilfredsstillande parkeringsforhold for gjester må liggje føre.
- Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

#### Klage

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jfr. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

## Saksopplysningar:

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol (uttalen blir ettersendt)

Saka skal avgjerast i Formannskapet

### Vedlegg:

Sjå alkoholpolitisk plan 2016-2020, vedlegg til søknad om skjenkeløyve - Nye Loftet øl og vinstue as

### Bakgrunn

Fornyng av løyve skjer ikkje automatisk, men på grunnlag av ei ny vurdering av om løyve skal bli gitt. Kriterier i alkohollova § 1-7a og kommunens alkoholpolitiske plan er lagt til grunn i vurderinga av søknaden.

### Vurdering

Fornyng av løyvet etter løyveperiodens utløp står rettsleg i same stilling som ny søknad. Løyvehavar har ikkje rettskrav på å få fornye løyvet. Kvart kommunestyret står fritt til å gi løyve eller avslå søknader om fornyng av løyve ut frå ei konkret vurdering av omsyna i alkohollova § 1-7a «Kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad om bevilling for salg eller skjenking m.v.», eller ønske om å føre ein strengare eller meir liberal løyvepraksis.

Ifølgje kommunens alkoholpolitiske plan 2016-2020 blir løyve av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og til skjenking av alkoholhaldig drikk gitt for periodar inntil 4 år, med opphøyr seinast 30.september året etter at nytt kommunestyre tiltrer – jfr. også alkohollovens § 1-6 «Bevillingsperioden».

Det blir søkt om same vilkår for perioden 2016-2020 som for førre periode.

Det ligg føre uttale frå sosialtenesta, politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Ingen vandelsmessige manglar, som kan bli tillagt betydning, er knytt til søkjar.

Søknaden blir tilrådd innvilga.

### Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost